

**MØTEPROTOKOLL**

---

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtedato:** 26.04.2018  
**Møtetid:** Kl. 16:00 - 21:55  
**Møtestad:** Kommunehuset

---

Av 21 medlemmer møtte 21, inkludert varamedlemmer.

<b>Medlemmer møtte:</b>	<b>Parti:</b>
Boge, Harald	A
Gåsdal, Brigt Olav	A
Tveiterås, Vidar	A
Øystese, Olaug Karin	A
Frøland, Knut Harald	BL
Haugen, Martin	BL
Tveit, Lena	BL
Vassenden, Solveig	BL
Bruvik, Gunnar J.	FRP
Haga, Odd Arne	FRP
Røen, Arild	H
Tveit, Sture	H
Aasgaard, Inge	KRF
Moss, Gunn Totland	KRF
Røen, Øyvind	SP
Tjønnå, Monica	SP
Bogevik, Jon Magne	UAVH

<b>Desse medlemene møtte ikke:</b>	<b>Parti:</b>	<b>I staden møtte:</b>	<b>Parti:</b>
Aadland, Nils	A	Petersen, Gunn Østvik	A
Markhus, Anja Elisabeth Gjerde	BL	Linga, Bjarte	BL
Kollbotn, Karl Bård	FRP	Røseth, Svein Verner	FRP
Strømmen, Øyvind	MDG	Marken, Anja	MDG

**Møtenotater:**

Andre som var til stades på møtet:

- Charlotte Hageberg, rådmann
- Hilde-Lill Våge, assisterande rådmann
- Jan Erik Boge, rådgjevar
- Øystein Svalheim, landbrukssjef (under sak 016/2018)
- Thor Bjørlo (under orientering om Lyntogforum Vestlandsbanen)

Sak 016/2018 vart handsama før sak 010 - 015/2018, etter framlegg frå ordførar Knut Harald Frøland (B).

Lena Tveit fekk permisjon frå møtet frå kl. 20.45 og deltok ikkje under handsaminga av sak 014 og 015.

Vedlegg til møteprotokollen:

1. Svar på grunngjeve spørsmål om Skottabakken
2. Svar på interpellasjon om Fairtrade
3. Svar på interpellasjon om fysioterapitenesta

<b>Møteleiar:</b>	Frøland, Knut Harald
<b>Møtesekretær:</b>	Boge, Jan Erik

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, <dato>

---

Frøland, Knut Harald  
ordførar

---

Boge, Jan Erik  
rådgjevar

Desse sakene vart handsama:

## Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
009/2018	18/308	Faste saker	
010/2018	18/267	Premissar for økonomiplan 2019-2022 og årsbudsjett 2019	
011/2018	15/356	Streaming av formannskapet sine møte	
012/2018	18/268	Oppstart av arbeid med kommunal planstrategi for Samnanger kommune 2018-21	
013/2018	09/197	Rapport om breibandstilbodet i Samnanger kommune	
014/2018	11/333	Vegtilkomst til Économusée Fjordtønna - ny handsaming	
015/2018	16/834	Søknad om fritak frå kommunale verv	
016/2018	18/278	Høyring om Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022	
1	16/248	Interpellasjon om Fairtrade	
2	16/248	Interpellasjon om fysioterapitenesta i Samnanger	

## **SAKNR. 009/2018: Faste saker**

### **26.04.2018 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

#### **Godkjenning av innkalling og sakliste:**

Ordfører Knut Harald Frøland (Bl) foreslo å ta dei to interpellasjonane som hadde kome inn til møtet etter dei faste sakene. Kommunestyret slutta seg til dette.

#### **Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte:**

Ingen merknader.

#### **Orienteringssaker:**

##### Til minne om tidlegare ordfører Knut Langeland

Ordfører Knut Harald Frøland (Bl) las opp minneord frå tidlegare ordfører Knut Langeland si gravferd 17.04.2018. Etter dette var det eitt minutt stillheit, før kommunestyret song Tveitasongen, som er skriven av Knut Langeland.

##### Markering av jubilarar i kommunen

Ordfører Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at han 25.04 2018 deltok på ei markering for jubilarar blant dei tilsette i kommunen (tilsette som i 2017 hadde tenestetid på 25 år, 30 år og ein med 37 år). Han las deretter opp namna på dei tilsette som markeringa gjaldt: Anette Hyttel, Gunnveig K. Loe, Tone Kari Kristiansen, Aud Lygre Solvang, Liv S.H. Nordvik, Marit S. Trengereid, Marit Osa Tveiterås, Heidi Gjerde og Hans Tysse.

##### Presentasjon av Lyntogforum Vestlandsbanen

Orientering ved Thor Bjørlo, som er sekretær i forumet.

##### Datasenter i Børdalen

Ordfører Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om status i saka. Det har kome positive signal frå fylkesmannen, men kommunen har enno ikkje fått skriftleg tilbakemelding frå fylkesmannen.

##### Sjukefråvær 1. kvartal 2018

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte. Samla sjukefråvær i kommunen første kvartal 2018 var 8,94%. Ho orienterte om at kommunen har fått midlar frå KLP (200.000 kroner) for å jobba med nærværarbeid.

##### Økonomirapport pr. 31.03.2018

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om økonomirapporten som låg ved møteinnkallinga. Dette er eit forslag til nytt oppsett for økonomirapport i forhold til tidlegare. Planen er at kommunestyremedlemmene heretter skal få tilsendt slik rapport kvar månad.

#### **Grunngjevne spørsmål:**

##### Grunngjevne spørsmål frå Frp om Skottabakken

Odd Arne Haga (Frp) las opp grunngjevne spørsmål om nytt bufellesskap på Skottabakken (spørsmåla ligg som vedlegg til møteinnkallinga). Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge las opp rådmannen sitt svar. Svaret ligg som vedlegg til møteprotokollen. Saka vil koma opp i formannskapet 31.05.2018.

## Utvalet sitt kvarter:

### Reguleringsplan for ny veg til Hagabakkane

Odd Arne Haga (Frp) viste til at kommunestyret i desember vedtok at det skal utarbeidast reguleringsplan for ny veg til Hagabakkane. Han viste til informasjon om at arbeidet er forseinka, og bad rådmannen sørge for at kommunestyret sitt vedtak vert følgt opp.

### Klimagassutslepp i Samnanger kommune

Anja Marken (Mdg) spurde om kommunen har vurdert å setja opp ladestasjonar for el-bilar på den nye parkeringsplassen på Bjørkheim, samt om kommunen har vore i kontakt med NSB om ladestasjonar på parkeringsplassen ved Arna jernbanestasjon. Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge svara. Ho orienterte om at det vil bli tilrettelagt for parkering til 49 bilar på den nye parkeringsplassen på Bjørkheim, og at det er lagt opp til at det skal vera tre ladepunkt der (det er krav om ladepunkt for minst 6% av parkeringsplassane). Det kan også bli meir enn tre ladepunkt og kommunen søker om tilkot til dette. Hilde-Lill Våge orienterte vidare om at kommunen har kontakt med fylkeskommunen om at me ønskjer fleire parkeringsplassar med ladepunkt ved jernbanestasjonane både i Arna og på Trengereid. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at han har hatt kontakt med representant frå Tesla i Noreg om moglegheit for Tesla-ladestasjon i Samnanger.

## **KS- 009/2018 Vedtak:**

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.

Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

## **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

## **SAKNR. 010/2018: Premissar for økonomiplan 2019-2022 og årsbudsjett 2019**

### **26.04.2018 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Arild Røen (H) sette fram følgjande framlegg:

#### *Tillegg:*

- *Det er fleire udekka behov innanfor IKT / prosessforbedringar i Samnanger kommune. Desse behova må kartleggjast og økonomiske konsekvensar må innarbeidast i budsjett 2019 og økonomiplan*
- *Økonomiske behov i Totræna vinterpark bør utgreiast og vurderast innarbeidd i budsjett / økonomiplan*

Monica Tjønnå (Sp) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Monica Tjønnå fram følgjande tilleggsframlegg til formannskapet si tilråding i saka:

*1) Administrasjonen får i oppgåve å finna løysingar, moglegheiter for økonomisk støtte gjennom prosjekt e.l. og pris på utgifter for at kommunen kan levera og sortera plast på lik linje med private. Me må visa ansvar og vilje til å vera med på å løysa dagens problematikk med plast som ein stor miljøsyndar.*

*2) Det skal sjåast på moglegheitane for å inngå samarbeide med butikkar i nærmiljøet med tanke på å innføra prosjekt med gratis skulemat for ungane på skulen. Slike prosjekt finnes i andre kommunar, me har storkjøken på sjukeheimen, så moglegheitane er tilstades.*

Inge Aasgaard (Krf) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*Framlegg til endring:*

*Det bør vera eit mål i 2019-budsjettet å få ei avsetjing på 6 millionar kroner til disposisjonsfondet, i tillegg til eit resultatkrav på 2%.*

Det vart først gjennomført røysting over framlegga til Arild Røen, Monica Tjønnå og Inge Aasgaard. Alle desse framlegga vart samrøystes vedtekne.

Det vart til slutt røysta over formannskapet si tilråding, inkludert dei vedtekne framlegga/tillegga ovanfor. Samrøystes vedteke.

#### **KS- 010/2018 Vedtak:**

Det skal løyvast ein øyremerkta fast årleg sum til kyrkja til vedlikehald, eventuelt med årleg indeksjustering. Storleiken på summen må avklarast i formannskapet sitt mai-møte. Det må òg sjåast på om kyrkja sjølv bør ta opp lån for å få gjennomført investeringar som ikkje kan finansierast gjennom det ordinære budsjettet. Kommunen må i så fall garantera for slikt lån.

Kontrollutvalet skal gjennomføra minst ein forvaltningskontroll pr. år. Det skal løyvast ein fast årleg sum til kontroll og tilsyn, eventuelt med årleg indeksjustering. Storleiken på summen må avklarast i formannskapet sitt mai-møte, mellom anna på grunnlag av innspel frå kontrollutvalet.

Økonomiske behov i Totræna vinterpark bør utgreiast og vurderast innarbeidd i budsjett/økonomiplan.

Det bør vera eit mål i 2019-budsjettet å få ei avsetjing på 6 millionar kroner til disposisjonsfondet, i tillegg til eit resultatkrav på 2%.

Det er fleire udekka behov innanfor IKT / prosessforbedringar i Samnanger kommune. Desse behova må kartleggjast og økonomiske konsekvensar må innarbeidast i budsjett 2019 og økonomiplan.

Administrasjonen får i oppgåve å finna løysingar, moglegheiter for økonomisk støtte gjennom prosjekt e.l. og pris på utgifter for at kommunen kan levera og sortera plast på lik linje med private. Me må visa ansvar og vilje til å vera med på å løysa dagens problematikk med plast som ein stor miljøsyndar.

Det skal sjåast på moglegheitane for å inngå samarbeide med butikkar i nærmiljøet med tanke på å

innføra prosjekt med gratis skulemat for ungene på skulen. Slike prosjekt finnes i andre kommunar, me har storkjøken på sjukeheimen, så moglegheitane er tilstades.

#### **12.04.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Saka vart innleia med orienteringar frå leiar i kontrollutvalet Brigt Olav Gåsdal (Ap) og kyrkjeverje Britt Haukanes.

Brigt Olav Gåsdal peika på at det er viktig å avklara kva rutinar kommunen skal ha for utarbeiding av budsjettforslag for kontroll og tilsyn, spesielt kva som skal vera utgangspunktet for budsjettframlegget (eksempel kan vera gjeldande budsjett for inneverande år, eller rådmannen sitt budsjettframlegg for inneverande år). Han viste også til kommunestyret sitt budsjettvedtak om å auka møtegodtgjersla for folkevalde i 2018, og sa at dette i realiteten har redusert kontrollutvalet sitt økonomiske "handlingsrom" i 2018.

Britt Haukanes delte ut eit dokument ("Trong for vedlikehald og investeringar pr. april 2018"). Dokumentet ligg som vedlegg til møteprotokollen. Ho peika spesielt på at kyrkja ønskjer seg ein fast årleg vedlikehaldspott, slik dei har bedt om i fleire år. Det skal i løpet av april vera eit møte mellom kyrkjekontoret og eining for teknisk drift, for å sjå på moglegheit for samarbeid om vedlikehald. Ordførar Knut Harald Frøland spurde om kyrkja som eiga juridisk eining har moglegheit til å ta opp lån sjølv, for å få gjennomført større tiltak. Britt Haukanes orienterte om at dette vil vera mogleg på visse vilkår, men at kommunen i så fall må garantera for lånet. Ho viste her til eksempel frå Os. Årsmelding for 2017 for kyrkja vart òg delt ut.

Rådmann Charlotte Hageberg presenterte ei oppsummering frå kvalitetsdialogen 11.04.2018, fordelt på dei ulike sektorane. Oppsummeringa ligg som vedlegg til møteprotokollen.

Det var ein diskusjon om måten kvalitetsdialogen 11.04.2018 var lagt opp på. Tilbakemeldingane var i hovudsak positive, men det kom nokre forslag til endringar/justeringar ved eventuelle framtidige kvalitetsdialogar.

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) viste til e-post frå Vagleik Tysseland i Samnanger idrettslag, om behov for kommunalt tilskot (180.000 kroner) til delfinansiering ny trakkemaskin i Totræna. Totalkostnaden for trakkemaskina vil vera ca. 900.000 kroner. Kopi av e-posten frå Vagleik Tysseland ligg som vedlegg til møteprotokollen. Dersom det skal gjevast kommunalt tilskot, må det takast stilling til korleis dette i praksis skal gjerast, for eksempel om det skal gjevast tilskot via kulturbudsjettet.

Etter vidare debatt i møtet vart medlemmene i formannskapet samde om følgjande premisser til budsjettet for 2019:

*Det skal løyvast ein øymerka fast årleg sum til kyrkja til vedlikehald, eventuelt med årleg indeksjustering. Storleiken på summen må avklarast i formannskapet sitt mai-møte. Det må òg sjåast på om kyrkja sjølv bør ta opp lån for å få gjennomført investeringar som ikkje kan finansierast gjennom det ordinære budsjettet. Kommunen må i så fall garantera for slikt lån.*

*Kontrollutvalet skal gjennomføra minst ein forvaltningskontroll pr. år. Det skal løyvast ein fast årleg sum til kontroll og tilsyn, eventuelt med årleg indeksjustering. Storleiken på summen må avklarast i formannskapet sitt mai-møte, mellom anna på grunnlag av innspel frå kontrollutvalet.*

*Kommunen vil gje tilskot til Samnanger idrettslag til kjøp av ny trakkemaskin i Totræna, jamfør brev frå idrettslaget v/Vagleik Tysseland.*

*Det skal i 2019-budsjettet vera ei avsetjing på 6 millionar kroner til disposisjonsfondet, i tillegg til eit*



resultatkrav på 2%.

Desse premissane vart samrøystes vedtekne.

#### **FORM- 010/2018 Vedtak:**

*Det skal løyvast ein øyremarka fast årleg sum til kyrkja til vedlikehald, eventuelt med årleg indeksjustering. Storleiken på summen må avklarast i formannskapet sitt mai-møte. Det må òg sjåast på om kyrkja sjølv bør ta opp lån for å få gjennomført investeringar som ikkje kan finansierast gjennom det ordinære budsjettet. Kommunen må i så fall garantera for slikt lån.*

*Kontrollutvalet skal gjennomføra minst ein forvaltningskontroll pr. år. Det skal løyvast ein fast årleg sum til kontroll og tilsyn, eventuelt med årleg indeksjustering. Storleiken på summen må avklarast i formannskapet sitt mai-møte, mellom anna på grunnlag av innspel frå kontrollutvalet.*

*Kommunen vil gje tilskot til Samnanger idrettslag til kjøp av ny trakkemaskin i Totræna, jamfør brev frå idrettslaget v/Vigleik Tysseland.*

*Det skal i 2019-budsjettet vera ei avsetjing på 6 millionar kroner til disposisjonsfondet, i tillegg til eit resultatkrav på 2%.*

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

## **SAKNR. 011/2018: Streaming av formannskapet sine møte**

### **26.04.2018 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Rådgjevar Jan Erik Boge orienterte innleiingsvis om at møta i formannskapet vil kunne streamast utan at det må brukast talarstol i møta.

Øyvind Røen (Sp) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*Formannskapsmøta i Samnanger vert «streama» i ein prøveperiode ut 2018.*

Det vart røysta over framlegget, som vart vedteke med 15 mot 6 røyster.

<b>For Øyvind Røen sitt framlegg</b>	<b>Imot Øyvind Røen sitt framlegg</b>
Øyvind Røen (Sp)	Odd Arne Haga (Frp)
Monica Tjønnå (Sp)	Gunnar Bruvik (Frp)
Knut Harald Frøland (Bl)	Svein Verner Røseth (Frp)
Lena Tveit (Bl)	Bright Olav Gåsdal (A)
Bjarte Linga (Bl)	Inge Aasgaard (Krf)
Martin Haugen (Bl)	Jon Magne Bogevik (Uavh.)
Solveig Vassenden (Bl)	
Gunn Østvik Petersen (A)	
Olaug Øystese (A)	

Vidar Tveiterås (A)	
Harald Boge (A)	
Gunn Totland Moss (Krf)	
Arild Røen (H)	
Sture Tveit (H)	
Anja Marken (Mdg)	

**KS- 011/2018 Vedtak:**

Formannskapsmøta i Samnanger vert «streama» i ein prøveperiode ut 2018.

**12.04.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Øyvind Strømmen (Mdg), Knut Harald Frøland (Bl) og Øyvind Røen (Sp) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*"Saka vert oversendt til kommunestyret utan tilråding. Før kommunestyret si handsaming må administrasjonen sjå på om det vil vera mogleg å streama formannskapsmøta utan at møta må gjennomførast med bruk av talarstol. "*

Inge Aasgaard sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*"Møta i formannskapet vert ikkje streama."*

Det vart røysta over dei to framlegga. Framlegget til Øyvind Strømmen, Knut Harald Frøland og Øyvind Røen fekk 6 røyster og vart vedteke. Inge Aasgaard sitt framlegg fekk 3 røyster.

For Øyvind Strømmen, Knut Harald Frøland og Øyvind Røen sitt framlegg	For Inge Aasgaard sitt framlegg
Øyvind Strømmen (Mdg)	Inge Aasgaard (Krf)
Knut Harald Frøland (Bl)	Arild Røen (H)
Øyvind Røen (Sp)	Olaug Øystese (A)
Odd Arne Haga (Frp)	
Lena Tveit (Bl)	
Monica Tjønnå (Sp)	

**FORM- 011/2018 Vedtak:**

Saka vert oversendt til kommunestyret utan tilråding. Før kommunestyret si handsaming må administrasjonen sjå på om det vil vera mogleg å streama formannskapsmøta utan at møta må gjennomførast med bruk av talarstol.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

## **SAKNR. 012/2018: Oppstart av arbeid med kommunal planstrategi for Samnanger kommune 2018-21**

### **26.04.2018 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

### **KS- 012/2018 Vedtak:**

Samnanger kommune startar opp arbeidet med kommunal planstrategi for 2018 – 2021.

Formannskapet vert styringsgruppe og leiarforum vert arbeidsgruppe. Planleggjar vert ansvarleg for planarbeidet.

Endeleg planstrategi skal handsamast av kommunestyret i november 2018.

### **12.04.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Øyvind Strømmen (Mdg) spurde om sak om oppstart av arbeidet med kommunal strategi skal handsamast i kommunestyret. Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om at administrasjonen ikkje har lagt opp til dette, men at formannskapet sjølvsgagt kan velja å leggja saka fram for kommunestyret.

Øyvind Strømmen foreslo at kommunestyret handsamar saka, og at formannskapet gir innstilling til kommunestyret. Formannskapet slutta seg til dette.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FORM- 013/2018 Vedtak:**

Samnanger kommune startar opp arbeidet med kommunal planstrategi for 2018 – 2021.

Formannskapet vert styringsgruppe og leiarforum vert arbeidsgruppe. Planleggjar vert ansvarleg for planarbeidet.

Endeleg planstrategi skal handsamast av kommunestyret i november 2018.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune startar opp arbeidet med kommunal planstrategi for 2018 – 2021.

Formannskapet vert styringsgruppe og leiarforum vert arbeidsgruppe. Planleggjar vert ansvarleg for planarbeidet.

Endeleg planstrategi skal handsamast av kommunestyret i november 2018.

## **SAKNR. 013/2018: Rapport om breibandstilbudet i Samnanger kommune**

### **26.04.2018 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Bright Olav Gåsdaal (A) sette på vegner av Arbeiderpartiet fram følgjande framlegg til tillegg til formannskapet si tilråding:

*Tillegg til tilrådinga:*

*Resten av midlane avsett til utbygging av breiband i området Rolvsvåg - Sagen (omlag kr 50000,-) vert løyvd som tilskot til to konkrete prosjekt. Det eine er området med adresser til Bjelkarvikvegen og det andre er den delen av Ådland som ligg vest for Lindane - Ådland kai.*

*Administrasjonen får fullmakt til å forhandla med interessentane og fordela summen mellom dei to prosjekta mtp å få redusera tilkoplingsprisen ned mot standard sats på omlag kr 5000,- pr abonnent.*

Olaug Øystese (A), Harald Boge (A) og Gunnar Bruvik (Frp) bad om å få gildskapen sin vurdert. Alle tre gjekk frå medan kommunestyret vurderte gildskapen deira. Alle tre vart med 16 mot 2 røyster funne gilde, og deltok derfor under handsaminga av saka. Knut Harald Frøland (Bl) og Øyvind Røen (Sp) røysta for at Olaug Øystese, Harald Boge og Gunnar Bruvik var ugilde i saka.

Formannskapet si tilråding inkludert tilleggsframlegget frå Arbeiderpartiet vart samrøystes vedteke.

### **KS- 013/2018 Vedtak:**

Kommunestyret tek rapporten om breibandsdekning til orientering. Det skal mellom anna på grunnlag av rapporten utarbeidast målsetjingar for breibandstilbudet i kommunen. Dette arbeidet kan gjerast som ein del av arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen. På grunnlag av målsetjingane som vert vedtekne må det utarbeidast strategi/plan for vidare utbygging av breiband i kommunen.

Samnanger kommune må søkja om tilskotsmidlar til breibandsutbygging i NKOM sin søknadsrunde i 2018. Ved behov kan det leigast inn ekstern konsulent for å få utarbeidd søknadsgrunnlag i område det ikkje vart søkt om tilskot til i 2017. Eventuell innleige av ekstern konsulent vert finansiert med omdisponering av inntil 50.000 kroner av midlane som er avsett til tilskot til breibandsutbygging i området Rolvsvåg – Saga.

Resten av midlane avsett til utbygging av breiband i området Rolvsvåg - Sagen (omlag kr 50000,-) vert løyvd som tilskot til to konkrete prosjekt. Det eine er området med adresser til Bjelkarvikvegen og det andre er den delen av Ådland som ligg vest for Lindane - Ådland kai.

Administrasjonen får fullmakt til å forhandla med interessentane og fordela summen mellom dei to prosjekta mtp å få redusera tilkoplingsprisen ned mot standard sats på omlag kr 5000,- pr abonnent.

### **12.04.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FORM- 016/2018 Vedtak:**

Formannskapet tek rapporten om breibandsdekning til orientering. Det skal mellom anna på grunnlag av rapporten utarbeidast målsetjingar for breibandstilbudet i kommunen. Dette arbeidet kan gjerast som ein del av arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen. På grunnlag av målsetjingane som vert vedtekne må det utarbeidast strategi/plan for vidare utbygging av breiband i kommunen.

Samnanger kommune må søkja om tilskotsmidlar til breibandsutbygging i NKOM sin søknadsrunde i 2018. Ved behov kan det leigast inn ekstern konsulent for å få utarbeidd søknadsgrunnlag i område det ikkje vart søkt om tilskot til i 2017. Eventuell innleige av ekstern konsulent vert finansiert med omdisponering av inntil 50.000 kroner av midlane som er avsett til tilskot til breibandsutbygging i området Rolvsvåg – Saga.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet tek rapporten om breibandsdekning til orientering. Det skal mellom anna på grunnlag av rapporten utarbeidast målsetjingar for breibandstilbodet i kommunen. Dette arbeidet kan gjerast som ein del av arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen. På grunnlag av målsetjingane som vert vedtekne må det utarbeidast strategi/plan for vidare utbygging av breiband i kommunen.

Samnanger kommune må søkja om tilskotsmidlar til breibandsutbygging i NKOM sin søknadsrunde i 2018. Ved behov kan det leigast inn ekstern konsulent for å få utarbeidd søknadsgrunnlag i område det ikkje vart søkt om tilskot til i 2017. Eventuell innleige av ekstern konsulent vert finansiert med omdisponering av inntil 50.000 kroner av midlane som er avsett til tilskot til breibandsutbygging i området Rolvsvåg – Saga.

## **SAKNR. 014/2018: Vegtilkomst til Économusée Fjordtønna - ny handsaming**

**26.04.2018 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Arild Røen (H) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*Samnanger kommune gir Fjordtønna kompensasjon for meirutgifter dei er påført som economusee med kr 500.000.- Beløpet hentast frå disposisjonsfondet.*

Knut Harald Frøland (Bl) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Monica Tjønna (Sp) fram følgjande framlegg til vedtak:

*Etter ekstern rapport frå advokat hos KS vert det fastslått at Samnanger kommune ikkje har juridisk plikt til å betra vegtilkomsten hos Economusée Fjordtønna.*

*Kommunen vil likevel gje ein kompensasjon på kr. 350.000,- til Fjordtønna.*

*Pengane vert teke frå næringsfondet.*

Olaug Øystese (A) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Arild Røen fram følgjande endra framlegg til vedtak:

*Samnanger kommune gir Fjordtønna kompensasjon for meirutgifter dei er påført som economusee med kr 400.000.- Beløpet hentast frå disposisjonsfondet.*

Det vart først gjennomført prøverøysting over dei tre framlegga. Der fekk Arild Røen sitt framlegg 12 røyster, Monica Tjønna sitt framlegg 8 røyster og formannskapet sitt framlegg null røyster.

Knut Harald Frøland (Bl) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet vart det gjennomført endeleg røysting, der framlegget til Arild Røen vart sett opp mot framlegget til Monica Tjønnna. Arild Røen sitt framlegg fekk 13 røyster og vart vedteke. Monica Tjønnna sitt framlegg fekk 7 røyster.

For Arild Røen sitt framlegg	For Monica Tjønnna sitt framlegg
Arild Røen (H)	Monica Tjønnna (Sp)
Sture Tveit (H)	Øyvind Røen (Sp)
Odd Arne Haga (Frp)	Knut Harald Frøland (Bl)
Gunnar Bruvik (Frp)	Svein Verner Røseth (Frp)
Gunn Østvik Petersen (A)	Bjarte Linga (Bl)
Olaug Øystese (A)	Martin Haugen (Bl)
Vidar Tveiterås (A)	Solveig Vassenden (Bl)
Harald Boge (A)	
Bright Olav Gåsdal (A)	
Inge Aasgaard (Krf)	
Gunn Totland Moss (Krf)	
Anja Marken (Mdg)	
Jon Magne Bogevik (Uavh.)	

#### **KS- 014/2018 Vedtak:**

Samnanger kommune gir Fjordtønna kompensasjon for meirutgifter dei er påført som economusee med kr 400.000.- Beløpet hentast frå disposisjonsfondet.

#### **12.04.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Arild Røen (H) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*"Samnanger kommune går i dialog med Fjordtønna om kompensasjon for meirutgifter dei er påført som economusee."*

Øyvind Røen (Sp) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Arild Røen fram følgjande tillegg til det første framlegget sitt:

*"Kompensasjon kr 500.000.-"*

Monica Tjønnna (Sp) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*"Etter ekstern rapport frå advokat hos KS vert det fastslått at Samnanger kommune ikkje har juridisk plikt til å betra vegtilkomsten hos Economusee Fjordtønna.*

*Kommunen vil likevel gje ein kompensasjon på kr. 200.000,- til Fjordtønna.*

*Pengane vert teke frå disposisjonsfondet."*

I røystinga fekk Monica Tjønnna sitt framlegg 5 røyster og Arild Røen sitt framlegg 4 røyster.

For Monica Tønna sitt framlegg	For Arild Røen sitt framlegg
Knut Harald Frøland (Bl)	Arild Røen (H)
Øyvind Røen (Sp)	Olaug Øystese (A)
Odd Arne Haga (Frp)	Inge Aasgaard (Krf)
Lena Tveit (Bl)	Øyvind Strømmen (Mdg)
Monica Tjønna (Sp)	

#### **FORM- 017/2018 Vedtak:**

Etter ekstern rapport frå advokat hos KS vert det fastslått at Samnanger kommune ikkje har juridisk plikt til å betra vegtilkomsten hos Economusé Fjordtønna.

Kommunen vil likevel gje ein kompensasjon på kr. 200.000,- til Fjordtønna.

Pengane vert teke frå disposisjonsfondet.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

## **SAKNR. 015/2018: Søknad om fritak frå kommunale verv**

#### **26.04.2018 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Anja Marken (Mdg) bad om å få gildskapet sin vurdert. Ho gjekk frå medan kommunestyret vurderte gildskapet hennar. Ho vart framleis funnen gild og deltok derfor under handsaminga av saka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **KS- 015/2018 Vedtak:**

Anja Marken (MDG) får fritak for dei politiske verva sine i Samnanger kommune frå og med mai 2018 og ut valperioden 2015 – 2019, som følgje av utflytting til annan kommune. Dette gjeld verva som medlem i naturutvalet og første varamedlem i kommunestyret.

Første varamedlem Gunn Østvik Petersen (A) går inn som medlem i naturutvalet i den perioden Anja Marken har fritak. Dei andre varamedlemmene til naturutvalet frå A og MDG rykkjer opp ein plass på vara-lista i den perioden Anja Marken har fritak.

MDG sine øvrige varamedlemmer til kommunestyret rykkjer opp ein plass på partiet si vara-liste i den perioden Anja Marken har fritak.

Vedtaket er gjort med heimel i reglane i §§ 15 og 16 i kommunelova.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Anja Marken (MDG) får fritak for dei politiske verva sine i Samnanger kommune frå og med mai 2018 og ut valperioden 2015 – 2019, som følgje av utflytting til annan kommune. Dette gjeld verva som medlem i naturutvalet og første varamedlem i kommunestyret.

Første varamedlem Gunn Østvik Petersen (A) går inn som medlem i naturutvalet i den perioden Anja Marken har fritak. Dei andre varamedlemmene til naturutvalet frå A og MDG rykkjer opp ein plass på vara-lista i den perioden Anja Marken har fritak.

MDG sine øvrige varamedlemmer til kommunestyret rykkjer opp ein plass på partiet si vara-liste i den perioden Anja Marken har fritak.

Vedtaket er gjort med heimel i reglane i §§ 15 og 16 i kommunelova.

## **SAKNR. 016/2018: Høring om Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022**

### **26.04.2018 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Landbrukssjef Øystein Svalheim orienterte innleiingsvis om temaplanen og om Bjørnefjorden landbrukskontor sine synspunkt på noko av innhaldet i planen.

Øyvind Røen (Sp) og Arild Røen (H) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*Samnanger kommune ber om at desse punkta vert arbeidde inn i planen:*

#### *Sauedrift*

*I dag er produksjonen av kjøtt frå sau og lam for lite berekraftig og må leggjast om.*

*1. Avlsarbeidet må endrast slik at det vert mindre vanleg for ei for ei søye å få meir enn to lam.. Dette er viktig både for dyrevelferda og for å unngå overproduksjon. Då vil ein òg redusera bruken av tilleggsfôr (mjølkeerstatning og kraftfôr) til lamma for å få dei slaktemogne.*

*2. Klassifiseringa av slakt (EUROP) bør endrast, slik at ikkje kravet til kjøtfylde er så strengt. I dag stimulerer denne klassifiseringa til intensiv bruk av kraftfôr før slakting.*

*3. Produksjonstilskotet frå staten bør leggjast om, slik at det vert mindre attraktivt med mange lam pr. søye.*

#### *Tilskot til driftsbygningar*

*Det er viktig for landbruket i Hordaland å ta vare på dei mindre brukta. Det er difor avgjerande at sauehald med færre enn 100 vinterfora dyr og får tilskot til fornying/nybygg av driftsbygningar.*

#### *Skogsvegar*

*Mykje av skogen i Hordaland står unytta. Det trengst tilskot til enkle skogsvegar for å henta ut meir av denne skogen.*

Framlegget vart samrøystes vedteke.



### **KS- 016/2018 Vedtak:**

Samnanger kommune ber om at desse punkta vert arbeidde inn i planen:

#### Sauedrift

I dag er produksjonen av kjøtt frå sau og lam for lite berekraftig og må leggjast om.

1. Avlsarbeidet må endrast slik at det vert mindre vanleg for ei for ei søye å få meir enn to lam.. Dette er viktig både for dyrevelferda og for å unngå overproduksjon. Då vil ein òg redusera bruken av tilleggsfôr (mjølkekerstatning og kraftfôr) til lamma for å få dei slaktemogne.
2. Klassifiseringa av slakt (EUROP) bør endrast, slik at ikkje kravet til kjøtfylde er så strengt. I dag stimulerer denne klassifiseringa til intensiv bruk av kraftfôr før slakting.
3. Produksjonstilskotet frå staten bør leggjast om, slik at det vert mindre attraktivt med mange lam pr. søye.

#### Tilskot til driftsbygningar

Det er viktig for landbruket i Hordaland å ta vare på dei mindre bruka. Det er difor avgjerande at sauehald med færre enn 100 vinterfora dyr og får tilskot til fornying/nybygg av driftsbygningar.

#### Skogsvegar

Mykje av skogen i Hordaland står unytta. Det trengst tilskot til enkle skogsvegar for å henta ut meir av denne skogen.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

---

## **INTERPELLASJONAR:**

### **SAKNR. 1: Interpellasjon om Fairtrade**

#### **26.04.2018 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

#### Interpellasjon frå Miljøpartiet Dei Grøne (Mdg) om Fairtrade

Anja Marken (Mdg) las opp interpellasjonen (som ligg som vedlegg til møteinnkallinga). Ho sette fram følgjande reviderte framlegg til vedtak:

*Etter kvart kommunestyreval vil det bli valt inn to nye politikarar i styringsgruppa for Fairtrade Samnanger, som har det overordna ansvaret med å drive arbeidet framover. Administrasjonen bidrar med administrativ hjelp til styringsgruppa, i tillegg til å ha fokus på innkjøp av Fairtrade-produkt i*

kommunen. For å forankre arbeidet breitt i lokalsamfunnet er det anbefalt å få med fleire frivillige inn i styringsgruppa, til dømes representantar frå Ungdomsrådet, kyrkja eller frå bedriftene. Sidan det er over eit år til neste val blir det allereie no valt inn to politikarar i styringsgruppa saman med ansatte frå kommunen. Dette kjem opp som eigen sak til neste kommunestyremøte.

Charlotte Hageberg las opp rådmannen sitt svar på interpellasjonen. Svaret ligg som vedlegg til møteprotokollen.

Kommunestyret røysta over Mdg sitt reviderte framlegg til vedtak. Framlegget vart vedteke med 11 mot 10 røyster.

For MDG sitt framlegg	Imot MDG sitt framlegg
Anja Marken (Mdg)	Knut Harald Frøland (Bl)
Gunn Østvik Petersen (A)	Lena Tveit (Bl)
Olaug Øystese (A)	Bjarte Linga (Bl)
Bright Olav Gåsdal (A)	Martin Haugen (Bl)
Vidar Tveiterås (A)	Solveig Vassenden (Bl)
Harald Boge (A)	Øyvind Røen (Sp)
Inge Aasgaard (Krf)	Monica Tjønnå (Sp)
Gunn Totland Moss (Krf)	Odd Arne Haga (Frp)
Arild Røen (H)	Gunnar Bruvik (Frp)
Sture Tveit (H)	Svein Verner Røseth (Frp)
Jon Magne Bogevik (Uavh.)	

#### **KS- 1 Vedtak:**

Etter kvart kommunestyreval vil det bli valt inn to nye politikarar i styringsgruppa for Fairtrade Samnanger, som har det overordna ansvaret med å drive arbeidet framover. Administrasjonen bidrar med administrativ hjelp til styringsgruppa, i tillegg til å ha fokus på innkjøp av Fairtrade-produkt i kommunen. For å forankre arbeidet breitt i lokalsamfunnet er det anbefalt å få med fleire frivillige inn i styringsgruppa, til dømes representantar frå Ungdomsrådet, kyrkja eller frå bedriftene. Sidan det er over eit år til neste val blir det allereie no valt inn to politikarar i styringsgruppa saman med ansatte frå kommunen. Dette kjem opp som eigen sak til neste kommunestyremøte.

## **SAKNR. 2: Interpellasjon om fysioterapitenesta i Samnanger**

#### **26.04.2018 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

#### Interpellasjon frå Bright Olav Gåsdal (A) om fysioterapitenesta i Samnanger

Bright Olav Gåsdal viste til interpellasjonen (som ligg som vedlegg til møteinnkallinga), og gav ein del utfyllande informasjon. Charlotte Hageberg las opp rådmannen sitt svar på interpellasjonen. Svaret ligg som vedlegg til møteprotokollen. Bright Olav Gåsdal bad om at rådmannen stadfesta at den gjeldande kontrakten med fysioterapeut Geir Næss vert vidareført uendra. Rådmannen stadfesta dette samt at administrasjonen forhold seg til den siste kontrakten som vart inngått med Geir Næss (kontrakt frå 2006). Rådmannen stadfesta også at kommunen trekkjer oppseiinga av kontrakten med

Geir Næss. Brigt Olav Gåsdal orienterte om at han trekte framlegget til vedtak i interpellasjonen, som følgje av rådmannen sine stadfestingar ovanfor.